

Kulturdepartementet
Postboks 8030 DEP

0030 OSLO

Søknad om investeringstilskot frå Kap 322 Post 70 Nasjonale kulturbygg - "Kløften" - museumsbygg og fellesmagasin i Movika, Førde

Vi viser til vår søknad av 27.02.2017 (og ettersendt dokumentasjon av 04.05.2017) om investeringstilskot til nemnde bygg, og dykkar svar av 15.01.2018.

Norsk Kulturråd har i si vurdering av prosjektet stilt nokre spørsmål og gitt nokre utfordringar som vi ønskjer å svare på. Det har vore utfordrande å rekke dette på den korte tida frå vi fekk svarbrevet til ny søknadsfrist. Vi viser også til telefonsamtale med avdelingsdirektør Stein Sægrov måndag 26.02.2018 om dette, og avtale om å stadfeste at søknaden står ved lag, og at vi vil ettersende dokumentasjon.

Vi vil med dette oppretthalde/fornye søknaden om investeringstilskot til prosjektet «Kløften». All grunnlagsdokumentasjon vart sendt departementet i 2017, og vert såleis ikkje sendt på nytt no. Vi arbeider vidare saman med Musea i Sogn og Fjordane og vertskommunen Førde om dei utfordringane og spørsmåla som ligg i kulturrådet si vurdering/tilbakemelding, og vil ettersende svar/utgreiingar på dette, inkludert prisjustert søknadssum.

Fylkeskommunen sine kontaktar i saka er bygge- og eigedomssjef Jan Tore Rosenlund (tlf 916 74 735) og fylkesdirektør for næring og kultur Jan Heggheim (tlf 905 66 623).

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Kulturdepartementet Postboks 8030 DEP 0030 OSLO

Kopi til:

Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane Gota 16 6823 SANDANE